

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7968-2

Val av medlemmer og varamedlem til generalforsamlinga i Sparebanken Vest

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer for perioden 2019 – 2023 slikt val til Sparebanken Vest si generalforsamling:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Vedlegg:

- 1: Brev frå Sparebanken Vest, datert 13. september 2018
- 2: Vedtekter for Sparebanken Vest, vedtekne 16. mars 2018

SAKSFRAMSTILLING

I e-post av 13. september 2018 ber Sparebanken Vest Sogn og Fjordane fylkeskommune om å velje to medlemmar og eitt varamedlem til banken si generalforsamling for perioden 2019-2023. Generalforsamlinga har 48 faste medlemmer. Åtte av desse vert valde av det offentlege.

Fylkeskommunen sin valrett er heimla i § 3-5 i banken sine vedtekter. Det er fylkestinget som ifølgje vedtektene skal gjennomføre valet av medlemmar. Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt delegerings- og innstillingsreglement kap. 4.1 ligg valretten til fylkesutvalet. Vedtektene har ikkje delegeringssperre, og fylkesutvalet er såleis rett instans til å føreta valet.

Fylkesutvalet skal velje medlemmar for fire år, for perioden 2019-2023. Vala må vere gjennomførte innan utgangen av januar 2019. Dei valde medlemmane skal vere geografisk fordelte innan fylket.

I inneverande valperiode, 2015-2019, er fylkeskommunen representert i generalforsamlinga med Anita Nybø og Henrik Oppen, medan Svein Ottar Sandal er varamedlem. Alle desse er valbare for ein ny periode.